



Du er perfekt og unik

- Ingen er akkurat som du!
- Du kan noko som andre ikkje kan!
- Ingen kan erstatte deg!
- Når du er vekke manglar vi nokon!
- Du treng ikkje vere slik som alle andre!
- På skulen skal du kunne vere akkurat den du er!
- Du skal ikkje måtte late som!
- Vi bryr oss om deg for den du er!

Plan for sosial kompetanse ved Giske skule og SFO



Giske skule – ein god stad å vekse

Kap 1 Mål og definisjonar

- Kunnskapsløftet 2020
- Definisjon
- Kvifor sosial kompetanse
- Arbeid med sosial kompetanse på Giske skule

Kap 2 Elevansvar

- Leikepatrulje
- Fadderordning
- Fellessamlingar
- Orden i gangar og klasserom, ordensvakter

Kap 3 Opplæring i sosiale ferdigheiter

- Sosiale kompetansemål
- Vennskapsveke og kontrakt mot mobbing
- Handlingsplan mot mobbing
- Ordensreglar (felles kommunale)
- Trivselsreglar

Kap 4 Samarbeid skule-heim

- Formelle rutinar for samarbeidet
- Foreldrekontaktene sitt arbeid
- FAU
- Gjensidige forventningar

Kap 1 Mål og definisjonar

Mål

Målet i arbeid med sosial kompetanse ved Giske skule er at elevane skal meistre samspelet med andre på ein positiv måte og såleis legge grunnlaget for ei utvikling av sosial tilhøyring og meistring seinare i livet. Slik skal planen og bidra til å verkeleggjere skulen sin visjon «Giske skule – ein god stad å vekse».

Kunnskapsløftet (Oppl.l. § 1-2 og læreplanverkets overordna del).

«Skolen skal støtte og bidra til elevenes sosiale læring og utvikling gjennom arbeid med fagene og i skolehverdagen for øvrig.

Elevens identitet og selvbilde, meninger og holdninger blir til i samspill med andre. Sosial læring skjer både i undervisningen og i alle andre aktiviteter i skolens regi. Faglig læring kan ikke isoleres fra sosial læring. I det daglige arbeidet spiller derfor elevenes faglige og sosiale læring og utvikling sammen.»

Definisjon av sosial kompetanse (Thomas Nordahl 2001)

”Sosial kompetanse er et sett av ferdigheter, kunnskaper og holdninger som trengs for å mestre ulike sosiale miljø, som gjør det mulig å etablere og vedlikeholde relasjoner, og som bidrar til økt trivsel og at utvikling fremmes”.

Kvifor sosial kompetanse (Veilederen, 2007)

Sosial kompetanse vert rekna som ein av berebjelkane i personleg utvikling, og er av mange hevda for å være avgjerande for utvikling av sjølvfølelsen. Dessutan er sosial kompetanse ein ressurs for å meistre stress og problem, og ein viktig faktor for å motverke utvikling av problemåtferd som kriminalitet, vold, mobbing og rasisme.

Veilederen (2007) viser til forskning av Roland, Nordahl og Vaaland & Størksen som seiar at systematisk arbeid med fleire tiltak som gjensidig forsterkar kvarandre, som gir effekt på utvikling av sosial kompetanse, heller enn antall enkelttiltak. Gruppe- og klassetiltak som har ei brei tilnærming til sosial kompetanse, som for eksempel ART, Connect, PALS og Fin Stil-modellen, har positiv effekt på høgare risikoelever, så vel som på elevar det ikkje er knytta risiko til.

Det er også viktig å understreke at i arbeid med å utvikle sosial kompetanse finns det etter kvart nokre sikre suksessfaktorar. Charlton og David (Ogden 2002) trekker fram felles verdimeisig plattform i kollegiet, felles strategi og forventningar til både sosial og fagleg åtferd, fokus på å anerkjenne og gi merksemd for positiv åtferd, godt arbeid og samarbeid med foreldra og barna/elevane som viktige faktorar.

Arbeid med sosial kompetanse ved Giske skule

Giske skule har hatt sosial kompetanse som eit satsingsområde i fleire år. For å utvikle den sosiale kompetansen i elevflokket har vi vore opptatt av at det er summen av mange tiltak som gir effekt, vi har derfor satsa bredt. Ved Giske skule er det daglege arbeidet som kontinuerlig foregår i klasserommet, på SFO og i uteareala det viktigaste, i tillegg til samarbeidet med heimen.

Forsking viser at desse forholda er særst viktige når ein skal legge til rette for utvikling av sosial kompetanse hos elevar (Nordahl 2005):

- Relasjonar mellom elevar og lærarar
- Relasjonar mellom elevar og elev
- Sosial og fagleg læring
- Sosial kompetanse lærast i naturlege situasjonar
- Læraren si evne til å lede grupper av elevar
- Samarbeid med foreldre

Skulen har gjennom fleire år arbeidd med alle desse forholda. Vi legg stor vekt på å bygge gode relasjonar mellom elevane og mellom elevar og lærarar. Kollegiet er opptekne av god klasseleiing og at rutinane for skule-heim samarbeidet vert fulgt. I tillegg har vi klare reglar for orden og åtferd som elevane er med på å utforme.

Vi har ein kompetanseplan for kvart klasstrinn med konkrete læringsmål innafor dei seks områda: ansvar, samarbeid, empati, positiv sjølvhevding, sjølvkontroll, humor leik og glede. Vi bruker denne i tiltak for heile skulen, klassen eller grupper og på individnivå.

Skulen har to sertifiserte ART-trenarar. Tanken er å starte opp ART-grupper, og å implementere ART-tenkinga mest mogleg i skulen si daglege drift. Klassar med spesielle sosialpedagogiske behov vil bli prioritert til å få ART-kurs. ART (Aggression Replacement Training) er eit strukturert opplegg for å styrke sosial kompetanse og erstatte aggressiv åtferd hos barn, ungdom og vaksne. Forsking i USA, Sverige og Noreg viser at opplegget har hatt eit positivt utfall både på barn, ungdom og vaksne. Det blir lagt vekt på sosial trening, sinnekontroll og moralsk resonnering.

Elles var heile oppvekstsenteret med i eit prosjekt om «Dei utfordrande borna» (DUB) i regi av UIS, Åtferdssenteret. I prosjektet la lærarar og assistentar fram case og fekk kollegarettleiing og påfyll av teori.

Kap 2 Elevansvar

Leikepatruljen

Leikepatruljen ved skulen vår tek stort ansvar for skulemiljøet ved å inkludere dei andre i leiken.

Giske skule har vore med i Leikepatruljen i fleire år. Dette er eit program for auka aktivitet og meir tryggleik i friminutta. Hovudmålet med programmet er å tilby alle elvane ved skulen fleire og meir varierte aktivitetar i friminutta. Det er elevane i 4.-7.-klasse som er med i Leikepatruljen. LP-ane planlegg og gjennomfører aktivitetar ute i langfriminutta for dei andre elevane. Dei har og eit spesielt ansvar for å ta seg av elevar som går aleine ute i friminuttet og prøve å få dei inkludert i leiken.

Fadderordninga ved skulen vår

Målet for fadderordninga vår er at store elevar skal utvikle ansvarskjenne for dei som er mindre, og dei minste elevane skal kjenne seg trygge og ivaretekne.

Når ein skal ta vare på andre, lærer ein seg å sjå andre sine behov og ein lærer seg å hjelpe. På Giske skule er 5.klasse fadRAR til 1.klasse, 6. klasse er fadRAR til 2.klasse og 7.klasse er fadRAR til 3. klasse. 4 klasse førebur seg på si kommande fadderoppgåve. Kvar vår får dei som skal starte i 1.klasse tildelt kvar sin fadder. Dei møtast fleire gongar i løpet av våren og har omvising, ulike aktivitetar i klasserommet friminuttet og i gymsalen. Dei er og ilag ved innskrivinga på skulen.

Første skuledag leikar "nye" elevar og fadrane ilag. Seinare skal kontaktlærer for 1.steg og fadderklassar avtale faste møte for gruppene. Det er viktig med mykje kontakt i starten. I vennskapsveka ved skulestart kvart har vi eige opplegg med fadrane.

Det er kontaktlæRARane sitt ansvar å legge til rette for vidare faste fadderaktivitetar i løpet av kvar periode. Døme på fadderaktivitetar er: Kroppsøving, høgtlesing, arbeid med tal og bokstavar,

Songsamling, arbeid i kunst- og handverk, t.d. lage eit bilete/måleri ilag, oppgåver og spel på data.

Fellessamlingar

I skulen sine fellessamlingar er elevane med å ta ansvar for samlingane, dei deler på å vere programleiarar og vertar.

Skulen har kvar månad ei fellessamling i gymnastikksalen der klassane tek ansvar for samlinga etter tur. Vi har ein fagleg del der elevar får vise fram arbeidet sitt, og ein meir sosial del med song og dans og feiring av fødselsdagar. Samlingane er med på å styrke fellesskapet og samhaldet på skulen. Tiltaket er og ein del av vårt anti-mobbe-arbeid og arbeid med sosial kompetanse.

Kap 3 Opplæring i sosiale ferdigheiter

Sentrale områder innan sosial kompetanse

Å utvikle sosial kompetanse betyr å utvikle ferdigheiter som ein person treng for å handle kompetent i ein sosial samanheng. I skulesamanheng kan det vere hensiktsmessig å gruppere ferdigheitene i dei fem dimensjonane eller områda til Gresham og Elliot (1990):

Samarbeid

Samarbeid handlar blant anna om å kunne bruke tida fornuftig mens man ventar på tur, dele med andre, hjelpe andre, fylgje reglar og beskjedar, samt å kunne gå over til andre aktivitetar utan å protestere. Det dreier seg om å samarbeide med jamnaldrande og med vaksne. Samarbeid øvast i reelle samarbeidssituasjonar og når samarbeidet aktivt verdsettast.

Barn og unge lærer slike ferdigheiter best ved at dei får samarbeide mykje (Jahnsen 2000).

Ansvarlegheit

Ansvarlegheit dreiar seg om å vise respekt for eigne og andre sine eigendeler og arbeid, samt å kunne utføre oppgåver. Man utviklar ansvarlegheit gjennom å vere med å bestemme og ved å ta konsekvensane av det. Ei føresetnad for ansvarlegheit er difor tillit. Ansvarlegheit handlar også om å kommunisere med vaksne (Gresham og Elliot 1990).

Empati

Empati vil seie evne til å leve seg inn i andre sin situasjon. Det handlar om å sjå situasjonen frå nokon annan si side, vise omtanke og respektere andre sine følelsar og synspunkt. Empati er såleis vesentleg for å kunne etablere nære relasjonar og vere ein motvekt mot mobbing og vold. Empati er både ein stabil eigenskap og det er situasjonsbestemt. Difor kan empati utvikles og endrast (Ogden 1995).

Sjølvkontroll

Sjølvkontroll regulerer forholdet mellom åtfærd og følelsar, og nokon omtalar dette som impulskontroll. Det handlar om evna til å tilpasse seg fellesskapet og vise omsyn til andre. Når ein opplever frustrasjonar og motgang, eller når det oppstår einigheiter eller konfliktrar, kjem evna til sjølvkontroll tydeleg fram i måten man reagerer på plaging og kommentarar, utan å bli sint og ta igjen. Man må kunne utsette behov, for eksempel vente på tur, og kunne vise glede og sinne på situasjonstilpassa måtar (Gresham og Elliot 1990).

Sjølhevdning


Sjølhevdning er å kunne be om hjelp og informasjon, å presentere seg og å reagere på andre sine handlingar. Vidare handlar det om å kunne markere seg sosialt, blant anna ved å uttrykke eigne meingar og standpunkt og seie nei til det man helst ikkje bør vere med på. Evne til hensiktsmessig sjølhevdning er ofte avgjerande for å kunne delta aktivt i sosiale miljø og fellesskap. Sjølhevdning handlar om å uttrykke uavhengighet og autonomi, samt å ta sosial kontakt og sosialt initiativ. I noko grad handlar det om forholdet mellom å vere aktør i eige liv og ei brikke i andre sitt (Nordahl 2002).

Humor, leik og glede (Den sjette dimensjonen inngår ikkje i Gresham & Elliotts fem dimensjonar, men det er viktig å understreke at humor, leik og glede er viktig for menneske i alle aldrar).

Å kunne leike, glede seg og ha det fint med andre, og i ulike typar leik og samspel kunne ta omsyn, fylgje reglar og utvikle fantasi.

SOSIAL KOMPETANSE

Giske skule



“Det du trur om meg,
slik du er mot meg,
korleis du ser på meg,
kva du gjer mot meg,
slik blir eg.”
- M. Jennes

Kap 3. Sosiale kompetansemål

Konkrete læringsmål for de enkelte trinn

Giske skule - Sosial kompetanseplan for 1. klasse

| Emne | Mål | Kompetanse |
|-----------------------|---------------------------------|---|
| Samarbeid | Eg er ein del av ei gruppe | <ul style="list-style-type: none">• Eg kan høyre på andre og la andre bestemme.• Eg kan hjelpe andre med noko eg kan.• Eg kan følgje reglar i ein leik |
| Ansvar | Eg følgje reglane på skulen | <ul style="list-style-type: none">• Eg kjem inn med det same klokka ringer.• Eg gjer så godt eg kan i skulearbeidet.• Eg vil ha det ryddig rundt meg. |
| Empati | Eg er ein god ven. | <ul style="list-style-type: none">• Sett ikkje igjen eit hjarte.• Eg snakkar fint til andre.• Eg vil at andre skal ha det bra både i timen og i friminuttet.• Eg kan tilgi og be om tilgjeving. |
| Sjølvkontroll | Eg tek kontakt på ein god måte. | <ul style="list-style-type: none">• Eg kan vente på tur og lytte til andre.• Eg rekkje opp handa når eg vil seie noko.• Eg brukar ikkje stygge ord.• Eg brukar ikkje kroppen min til å skade andre |
| Positiv sjølvhevdning | Eg kan vere den eg faktisk er. | <ul style="list-style-type: none">• Eg tek kontakt med ein voksen om eg treng hjelp, eller ikkje har det bra.• Eg tør å seie noko høgt i klassa. |
| Humor, leik og glede | Eg kan vise glede | <ul style="list-style-type: none">• Eg kan le av meg sjølv.• Eg inviterer andre inn i leiken.• Eg kan glede meg når andre får til noko. |

Giske skule - Sosial kompetanseplan for 2.klasse

| Emne | Mål | Kompetanse |
|-----------|----------------------------|---|
| Samarbeid | Vere ein del av ei gruppe. | <ul style="list-style-type: none">• Høyre på andre og la andre bestemme.• Kan jobbe saman med meir enn ein.• Følgje reglane i ein leik. |

| | | |
|-----------------------|-------------------------------|--|
| Ansvar | Eg følgjer reglane på skulen. | <ul style="list-style-type: none"> • Kjem inn når skuleklokka ringjer. • Gjer så godt eg kan med skularbeidet mitt. • Hjelpe til så klassa får ryddepokal. |
| Empati | Vere ein god medelev. | <ul style="list-style-type: none"> • Set ikkje igjen eit hjarte. • Snakkar fint til kvarandre, gi kompliment. • Respektare at vi er forskjellige. |
| Sjølvkontroll | Vise vennlegheit. | <ul style="list-style-type: none"> • Lytte til andre utan å avbryte. • Tåler både å tape og vinne. • Klarer å godta ei unnskyldning, og å be om unnskyldning. |
| Positiv sjølvhevdning | Tøre vere seg sjølv. | <ul style="list-style-type: none"> • Snakke positivt om meg sjølv og andre. • Be om hjelp om eg treng det. • Opptre åleine eller saman med andre på scena. |
| Humor, leik og glede | Vise glede. | <ul style="list-style-type: none"> • La andre få vere med i leiken. • Le av meg sjølv. • «Vere mot andre slik eg vil at andre skal vere mot meg.» |

Giske skule - Sosial kompetanseplan for 3.klasse

| Emne | Mål | Kompetanse |
|-----------|-------------------------------|---|
| Samarbeid | Vere ein del av ei gruppe. | <ul style="list-style-type: none"> • Høyre på andre og la andre bestemme. • Hjelpe ein annan med noko eg kan. • Følgje reglane i ein leik. |
| Ansvar | Eg følgjer reglane på skulen. | <ul style="list-style-type: none"> • Kjem inn når skuleklokka ringjer. • Gjer så godt eg kan med skularbeidet mitt. • Hjelpe til så klassa får ryddepokal. |
| Empati | Vere ein god medelev. | <ul style="list-style-type: none"> • Set ikkje igjen eit hjarte. • Snakkar fint til kvarandre, gi kompliment. |

| | | |
|-----------------------|----------------------|--|
| | | <ul style="list-style-type: none"> • Respektere at vi er forskjellige. |
| Sjølvkontroll | Vise vennlegheit. | <ul style="list-style-type: none"> • Lytte til andre utan å avbryte. • Tåler både å tape og vinne. • Klarer å godta ei unnskyldning, og å be om unnskyldning. |
| Positiv sjølvhevdning | Tøre vere seg sjølv. | <ul style="list-style-type: none"> • Snakke positivt om meg sjølv og andre. • Tåle både og tape og vinne • Opptre åleine eller saman med andre på scena. |
| Humor, leik og glede | Vise glede. | <ul style="list-style-type: none"> • La andre få vere med i leiken. • Le av meg sjølv. • «Vere mot andre slik eg vil at andre skal vere mot meg.» |

Giske skule - Sosial kompetanseplan for 4. klasse

| Emne | Mål | Kompetanse |
|-----------------------|----------------------------------|--|
| Samarbeid | Vere ein del av ei gruppe. | <ul style="list-style-type: none"> • Høyre på andre og la andre bestemme. • Hjelp klassa med å halde klasserommet og gangen rein. • Eg forstyrrar ikkje medelevar og lærarar ved å bråke i timane. |
| Ansvar | Eg kan følgje reglane på skulen. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg kjem inn når skuleklokka ringjer. • Eg veit kva dei vaksne forventar av meg. • Skulearbeidet gjer eg så godt eg kan. • Eg held orden i utstyret som vi bruker på skulen. |
| Empati | Eg er ein god ven. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg respekterer at vi alle er forskjellige. • Set ikkje igjen eit hjarte. • Ver mot andre slik du vil at andre skal vere mot deg. |
| Sjølvkontroll | Vise vennlegheit. | <ul style="list-style-type: none"> • Lytte til andre utan å avbryte. • Tåler både å tape og vinne. • Eg gjer alltid så godt eg kan. |
| Positiv sjølvhevdning | Eg kan vere meg sjølv. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg tør å seie noko høgt i klassa. |

| | | |
|----------------------|---------------------------------|---|
| | | <ul style="list-style-type: none"> • Seie i frå til ein vaksen om eg ikkje har det bra. • Snakke positivt om meg sjølv og om andre. |
| Humor, leik og glede | Eg har humor og kan vise glede. | <ul style="list-style-type: none"> • Inkluderande i leik og spel. • Eg kan glede meg når andre får til noko. • Eg har sjølvinsikt. |

Giske skule - Sosial kompetanse planfor 5. klasse

| Emne | Mål | Kompetanse |
|----------------------|--|---|
| Samarbeid | Følgje forventningar til klassa/gruppa. | <ul style="list-style-type: none"> • Dele med andre. • Vere aktiv deltakande i alle aktivitetar. • Hjelpje andre når eg kan. • Eg kan hjelpe andre med noko eg kan |
| Ansvar | Ta ansvar for mitt eige, andre sitt og skulens eigendelar. | <ul style="list-style-type: none"> • Følgje skulen sine reglar. • Eg er presis til timar og avtalar. • Eg leverar ferdig arbeid/lekser til rett tid. |
| Empati | Vise respekt for medelevar og vaksne. (og forvente det same tilbake) | <ul style="list-style-type: none"> • Eg viser at eg bryr meg om andre. • Eg kan å vere høfleg. • Eg meiner at alle har rett til å seie meininga si. • Eg respekterer andre for den dei er. • Eg kan rose og oppmuntre andre. • Eg seier i frå om nokon blir mobba. |
| Sjølvkontroll | Eg kan vere meg sjølv til ei kvar tid. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg kan lytte til andre utan å avbryte. • Respektere at andre har ei anna meining. • Eg kan setje ord på kjenslene mine. • Eg taklar at det er nokon som bestemmer over meg. • Eg tåler å tape og vinne. • Eg er snill med andre. |
| Positiv sjølvhevding | Kunne snakke positivt om meg sjølv og arbeidet mitt | <ul style="list-style-type: none"> • Seie frå til ein vaksen om nokon blir plaga eller ikkje har det bra. • Eg skal ta del når klassa har trivselssamling. • Eg kan prøve å løyse konflikhtar og seie frå til vaksne om det ikkje går. • Eg tør å prøve nye ting. |

| | | |
|----------------------|--------------------------------------|--|
| | | <ul style="list-style-type: none"> • Eg tør å feile og kan le av meg sjølv. |
| Humor, leik og glede | Bruke kreativitet til noko positivt. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg kan vere ein god ven. • Eg kan glede meg når andre lykkast med noko. |

Giske skule - Sosial kompetanseplan for 6. klasse

| Emne | Mål | Kompetanse |
|----------------------|--|---|
| Samarbeid | Følgje forventningar til klassa/gruppa. | <ul style="list-style-type: none"> • Dele med andre. • Vere aktiv deltakande i alle aktivitetar. • Hjelpe andre når eg kan. • Eg kan hjelpe andre med noko eg kan |
| Ansvar | Ta ansvar for mitt eige, andre sitt og skulens eigendelar. | <ul style="list-style-type: none"> • Følgje skulen sine reglar. • Eg er presis til timar og avtalar. • Eg leverar ferdig arbeid/lekser til rett tid. |
| Empati | Vise respekt for medelevar og vaksne. (og forvente det same tilbake) | <ul style="list-style-type: none"> • Eg viser at eg bryr meg om andre. • Eg kan å vere høfleg. • Eg meiner at alle har rett til å seie meininga si. • Eg respekterer andre for den dei er. • Eg kan rose og oppmuntre andre. • Eg seier i frå om nokon blir mobba. |
| Sjølvkontroll | Eg kan vere meg sjølv til ei kvar tid. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg kan lytte til andre utan å avbryte. • Respektere at andre har ei anna meining. • Eg kan setje ord på kjenslene mine. • Eg taklar at det er nokon som bestemmer over meg. • Eg tåler å tape og vinne. • Eg er snill med andre. |
| Positiv sjølvhevding | Kunne snakke positivt om meg sjølv og arbeidet mitt | <ul style="list-style-type: none"> • Seie frå til ein vaksen om nokon blir plaga eller ikkje har det bra. • Eg skal ta del når klassa har trivselssamling. • Eg kan prøve å løyse konflikhtar og seie frå til vaksne om det ikkje går. • Eg tør å prøve nye ting. • Eg tør å feile og kan le av meg sjølv. |
| Humor, leik og glede | Bruke kreativitet til noko positivt. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg kan vere ein god ven. |

| | | |
|--|--|--|
| | | <ul style="list-style-type: none"> • Eg kan glede meg når andre lykkast med noko. |
|--|--|--|

Giske skule - Sosial kompetanseplan for 7.klasse

| Emne | Mål | Kompetanse |
|----------------------|--|---|
| Samarbeid | Følgje forventningar til klassa/gruppa | <ul style="list-style-type: none"> • Eg kan dele med andre. • Eg kan lytte og finne gode løysningar saman med andre. • Eg kan vere aktiv deltakande i alle aktivitetar. • Eg kan hjelpe andre med noko eg kan. |
| Ansvar | Ta ansvar for mitt eige, andre sitt og skulens eigendelar. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg fyl skulen sine reglar. • Eg ber om hjelp når eg treng det. • Eg er presis til timar og avtalar. • Eg leverar ferdig arbeid/lekser til rett tid. |
| Empati | Vise respekt for medelevar og vaksne. (og forvente det same tilbake) | <ul style="list-style-type: none"> • Eg viser at eg bryr meg om andre. • Eg kan å vere høfleg. • Eg meiner at alle har rett til å seie meininga si. • Eg respekterer andre for den dei er. • Eg kan rose og oppmuntre andre. • Eg seier i frå om nokon blir mobba. |
| Sjølvkontroll | Eg kan vere meg sjølv til ei kvar tid. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg kan lytte til andre utan å avbryte. • Respektere at andre har ei anna meining. • Eg kan setje ord på kjenslene mine. • Eg taklar at det er nokon som bestemmer over meg. • Eg tåler å tape og vinne. • Eg er snill med andre. |
| Positiv sjølvhevding | Kunne snakke positivt om meg sjølv og arbeidet mitt | <ul style="list-style-type: none"> • Seie frå til ein vaksen om nokon blir plaga eller ikkje har det bra. • Eg skal ta del når klassa har trivselssamling. • Eg kan prøve å løyse konflikhtar og seie frå til vaksne om det ikkje går. • Eg tør å prøve nye ting. • Eg tør å feile og kan le av meg sjølv. |
| Humor, leik og glede | Bruke kreativitet til noko positivt. | <ul style="list-style-type: none"> • Eg kan vere ein god ven. |

| | | |
|--|--|--|
| | | <ul style="list-style-type: none">• Eg kan glede meg når andre lykkast med noko. |
|--|--|--|

Kap 4 Handlingsplan mot mobbing

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING, VALD OG TRAKASSERING

Kva seier lova om mobbing?

I formålsparagrafen for skulen, opplæringsloven §1-1 siste ledd, står det:

«Skule og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.»

Opplæringslova kapittel § 9a handlar om læringsmiljøet til elevane. I § 9a -1 står det at :

«Alle elevar i grunnskolen og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.» Med eit godt psykososialt miljø meiner ein vern mot mobbing, vald, diskriminering og rasisme.

I følgje opplæringsloven § 9a-3 har både tilsette og leiinga ansvar for at krenkingar og mobbing stansar straks. Alle tilsette på skulen må setje seg inn i det som står i kapittel § 9a i opplæringsloven.

Kva er mobbing?

I Elevundersøkinga er mobbing definert slik:

«Negativ eller vondsinna åtfærd gong på gong frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Erting gong på gong på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing».

Mobbing eller plaging er psykisk og/eller fysisk vald retta mot eit offer, utført av enkeltpersonar eller grupper.

Mobbing forutset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar og at episodane vert gjentekne over tid. Hendingar som rammer ein elev ein enkelt gong kan imidlertid også ha karakter av mobbing.

Negativ eller vondsinna åtfærd er noko ein person gjer med hensikt for å skade ein annan. Desse handlingane vert delt inn i fem hovudpunkt:

1. Det kan vere med ord som når ein truer, håner eller seier stygge ting som sårar den andre.
2. Det kan vere åtfærd som å slå, skubbe, sparke, klype eller halde nokon fast mot ens vilje.
3. Det kan vere psykisk utmatting som utestenging, ryktespreiing eller baktaling.
4. Det kan vere med negativt kroppsspråk og stygge blikk.
5. Det kan vere digital mobbing.

Målsetting

Giske skule, barna og deira føresette skal saman arbeide for å utvikle og oppretthalde eit mobbefritt miljø, eit miljø fritt for krenkande åtferd. Dei vaksne skal ha ein tydeleg nulltoleranse mot mobbing.

Giske skule skal forhindre mobbing ved:

- Å satse på trivselsfremmande tiltak
- Å drive aktivt førebyggjande arbeid
- Å ha tiltak som avdekkjer om der skjer mobbing
- Å følge opp mobbeoffer og mobber
- Å sikre eit godt samarbeid med føresette
- Å ha rutine som sikrar god dokumentasjon

Teori og kompetanse:

Teori som vert nytta:

Erlend Moen: «Slik stopper vi mobbing»

Erling Roland: «Mobbingens psykologi»

Terje Ogden «Sosial kompetanse og problemadferd i skolen»

Kompetansemiljø som vert nytta etter behov: Pedagogisk Psykologisk teneste, Helsesøster, PMTO, MOT, Konfliktråd, Barnevern, Politiet,

Det vert satt av fellestid for personalet til kompetanseheving om temaet kvart år. Prioriterte område er: klasseleiing og digital mobbing

Giske skule sin handlingsplan mot mobbing består av

1. Kontrakt mot mobbing som skal signerast av elevar og føresette kvart år (vedlegg)
2. Årshjul – trivselsfremmande og førebyggjande tiltak og rutinar som avdekker mobbing
3. Prosedyre ved mistanke/avdekking av mobbing – undersøkingsplikta og handlingsplikta

2. Årshjul - trivselsfremmande og førebyggjande tiltak og rutinar som avdekker mobbing

| Tiltak | Når | Korleis | Ansvar |
|--|--|---|--|
| Gode overgangar mellom barnehage og skule | Arbeid med dette vert starta allereie ved innskrivinga i februar. Det er utarbeidd ein eigen plan for overgangane. | Førskulebarna blir tatt imot av fadrane sine ved innskrivinga. På våren har førskulebarna økter på skulen saman med fyrste klasse og med fadderklassen sin. | Rektor og styrar i barnehagen Kontaktlærer og pedledar. |
| Fadderordning (eks): <ul style="list-style-type: none"> • Fyrste og femte trinn • Andre og sjette trinn • Tredje og sjuande trinn • Fjerde trinn og førskulegruppe | Vert etablert før skulestart, i februar ved innskriving av 1.trinn | Planlagt av kontaktlærer 1. og 5.trinn kvart år. Vert følgd opp av kontaktlærarar dei neste åra. | Kontaktlærarar |
| Vennskapsveke | Ved skulestart | Eigen plan | Rektor og kontaktlærarar |
| Signering av kontrakt mot mobbing | | Elevar og føresette signerar. Kontrakta vert utlevert fyrste måndag etter skulestart og samla inn fredag i same veke. | Rektor, elevråd og kontaktlærarar |
| Gjennomgang av skulen sin handlingsplan mot mobbing | | Fellesmøte, klasseråd og elevråd | Rektor, kontaktlærer |
| Gjennomgang av skulen sine trivselsreglar/ ordensreglar | | Fellesmøte, klasseråd og elevråd | Rektor, kontaktlærer |

| | | | |
|--|-------------------|---|--|
| Evaluering av inspeksjonsrutinar | | Evaluerer i fellesmøte | Rektor |
| LP - Leikepatruljeordninga | Heile skuleåret | LP – elevar er valt til leikepatruljen for å aktivisere elevane i leik i eit av stor-friminutta (ma-to) | LP-ansvarleg ved skulen og rektor |
| Synlege vakter og god vaksentettleik i friminutta | | Eigen vaktplan og instruksar | Rektor og heile personalet |
| Arbeide med sosiale kompetansemål i alle klassar | | Kvart klassetrinn har eigne sosiale kompetansemål som dei arbeider med | Heile personalet |
| Byggje inkluderande kulturar gjennom god klasseleiing | | Kompetanseheving i personalet | Heile personalet |
| Elevrådet setter fokus på elevane sitt skulemiljø | | Tema på elevrådsmøta | Kontaktlærer for elevråd |
| Klasseforeldremøter der trivsel og skulemiljø skal vere eit fast tema. Nettmobbing skal vere eit tema i alle klassane. | August/ september | Planlagt av kontaktlærer og klassekontakt NB! Gjennomgang av handlingsplan mot mobbing og trivsels-/ ordensreglar. Heftet: «Digital mobbing, Praktiske råd for skoler» | Kontaktlærer og klassekontakt |
| Elevsamtalar og Utviklingssamtalar der trivsel og sosiale ferdigheiter er tema | Haut og vår | Etter fast skjema | Kontaktlærer i samarbeid med assistentar og timelærarar. |
| Trivselsundersøking / sosiometrisk undersøking i alle klassane | Oktober og mai | Eigen trivselsundersøking | Kontaktlærer |
| Oppfølging av resultat frå Brukarundersøkingar | Våren | Resultat frå Elevundersøkinga og Foreldreundersøkinga vert drøfta på skulen og samarbeidsorgana | Rektor og kontaktlærer Rektor og leiarane av samarbeidsorgana |
| Gode overgangar mellom barne- og ungdomstrinn | Våren | Det er utarbeidd ein eigen plan for overgangane. | Rektorane i barneskule og ungdomsskule |

3. Prosedyre ved mistanke om og avdekking av mobbing

Undersøkingsplikta

Dersom foreldre eller elevar oppdagar mobbing eller erting, skal dei ta kontakt med skulen.

Den som får meldinga, fyller ut skjemaet Meldeskjema § 9a – Elevane sitt psykososiale skulemiljø. Det er eit ønske om at føresette sjølv skriv ei henstilling til skulen dersom dei ønskjer tiltak i forhold til § 9a (sjå vedlagte skjema)

Vidare prosedyre:

1. Rektor vert varsla
Ansvarleg: Den som tek i mot meldinga

2. Rektor og/eller kontaktlærer gjennomfører samtale kvar for seg med mobbeoffer og mobbar

3. Rektor og/eller kontaktlærer gjennomfører samtale med føresette til mobbeoffer og mobbar. Mobbeofferet sine føresette vert informert om vidare saksgang.

4. Rektor fattar enkeltvedtak i tråd med forvaltningsloven kor det tas stilling til om eleven sin rett etter § 9a er oppfylt og kva slags tiltak som eventuelt skal settas i verk.

Dersom føresette ikkje er nøgd med enkeltvedtaket, eller dei eventuelle tiltaka i dette, kan dei klage. Skulen skal sjå på saken på nytt og eventuelt sette i verk ytterlegare tiltak.

Nytt enkeltvedtak skal fattast.

Dersom føresette klager enda ein gong, avgjer rektor om saken skal takast opp på nytt enda ein gong eller om klagen skal sendast til Fylkesmannen via skuleeigar.

5. Rektor skriv avviksmelding på opplæringsloven i websak

Handlingsplikta

Den i skulen eller SFO som får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsatt for krenkande ord eller handlingar, skal snarast undersøke saken og varsle leiinga ved skulen som igjen varslar kontaktlærer. Dersom det er nødvendig og mogleg, skal ein gripe inn sjølv.

Handlingsplikta gjeld alle som har sitt daglege virke ved skulen, dvs. skulen sine tilsette, driftsansvarlig, helsesøster og reinhaldspersonell.

Vidare prosedyre ved mistanke om mobbing er:

1. Den som mistenker eller oppdagar mobbing, skal varsle kontaktlærer. Kontaktlærer varslar leiinga ved skulen.

2. Innhenting av informasjon gjennom observasjon og dokumentasjon (logg).

Ansvarleg: Kontaktlærer

3. Rektor og/eller kontaktlærer gjennomfører samtale kvar for seg med mobbeoffer og mobbar.

Ansvarleg: Kontaktlærer eventuelt også rektor

4. Rektor og/eller kontaktlærer gjennomfører samtale med føresette til mobbeoffer og mobbar. Mobbeofferets føresette vert informert om vidare saksgang.

Ansvarleg: Kontaktlærer eventuelt også rektor*

5. Rektor fattar enkeltvedtak i tråd med forvaltningsloven . Her kjem det fram kva slags tiltak som skal settast i verk.

Dersom føresette ikkje er nøgd med enkeltvedtaket eller dei eventuelle tiltaka i dette, kan dei klage. Skulen skal sjå på saken på nytt og eventuelt sette i verk ytterlegare tiltak.

Nytt enkeltvedtak skal fattast.

Dersom føresette klager enda ein gong, avgjer rektor om saken skal takast opp på nytt enda ein gong eller om klagen skal sendast til Fylkesmannen via skuleeigar

6. Rektor skriv avviksmelding på opplæringsloven i websak

Henstilling frå elev/ føresette

Elevar eller foreldre/ føresette som ber om tiltak etter opplæringsloven § 9a skal fylle ut dette skjema og levere det til leiinga ved skulen.

Dette omfattar det fysiske miljøet og det psykososiale miljøet (krenkande ord/handlingar, mobbing, diskriminering, vold eller rasisme).

| | | |
|--|-------------------|---------|
| Dato: | Eleven sitt namn: | Klasse: |
| Henstillinga gjeld: | | |
| Beskriving (skriv kva saken gjeld, hending, involverte partar, eventuelt tidlegare episodar) | | |

Underskrift: _____

Konsekvensar dersom mobbinga ikkje tek slutt

Aktuelle sanksjonar som kan setjast i verk overfor mobbar (ar):

- Friminutt på ordinære tidspunkt med eigen vaksenperson/i følgje med inspiserande lærar.
- Ikkje friminutt saman med dei andre.
- Endring av rammer/ ommøblering av klasserom
- Ikkje få delta på felles- eller klassearrangement
- Gå frå skulen etter at dei andre elevane har gått heim
- Vaksenfølgje til og frå skulen
- Bortvisning jf. Oppl.l. § 2-10
- Politianmelding

Kap 5 Samarbeid skule - heim

GISKE SKULE –

FORMELLE RUTINAR FOR SKULE-HEIM SAMARBEIDET

1.klasse – før skulestart

(Jfr Flytskjema overgang barnehage-skule) – skal justerast i Oppvekstsenteret med tettare oppfølging gjennom heile året før skulestart.

- Innskrivingsdag i februar med kobling til fadderklasse
- Informasjonsmøte for føresette, Informasjon om skulen, leseopplæring
- Førskuledag saman med faddeklasse

1.klasse – første skuledag

- Første skuledag med foreldra tilstades i starten, fadder-samarbeid

Alle klassar og SFO– haust

- Foreldremøte i kvar klasse i starten av skuleåret. Kontaktlærarane har ansvar for innkallinga.
 - Presentasjon av planar mm (eigen plan for kva som skal takast opp)
- SFO har foreldremøte i løpet av august
 - Presentasjon av SFO-tilbodet, planar, utdeling av Årsplan mm
- Utviklingssamtalar haust.
 - Eleven skal vere med på minimum ein av to samtalar i løpet av året. Kontaktlærer avgjer dette. Eventuelt kan foreldre ta initiativ til ei anna løysing. Samtalen kan også delast i to; ein del med og ein del utan eleven.

Alle klassar – vår

- Det skal arrangerast «Foreldrestyrt foreldremøte» på våren ved behov
- Utviklingssamtalar i april.
- Eleven skal vere med på minimum ein av to samtalar i løpet av året. Kontaktlærer avgjer dette. Eventuelt kan foreldre ta initiativ til ei anna løysing. Samtalen kan også delast i to; ein del med og ein del utan eleven.

KLASSEKONTAKTAR

Det skal veljast ei klassekontakt med vara frå kvar klasse, dei skal sitte i to år. Kvart år veljast det nye klassekontaktar med vara i 1, 3, 5 og 7 klasse medan dei som er valt frå 2, 4 og 6 sit eit år til. På denne måten tek vi i vare kontinuiteten i FAU. Det er ikkje noko krav, men ein bør prøve å få til ei lik kjønnsfordeling.

Generelt om klassekontaktane sitt arbeid. Ein klassekontakt er representant for foreldra, valt av og blant foreldra på same steg. Klassekontaktane skal vere eit bindeledd mellom foreldre og skule, og skal bidra til å oppretthalde eller betre læringsmiljøet. Dei har, saman med kontaktlærar, eit spesielt ansvar for å utvikle eit miljø der både elevar, lærarar og foreldre kjenner kvarandre og kan vere til støtte for kvarandre. Foreldra skal bruke klassekontaktane til å fremje saker som vedkjem gruppa.

Klassekontaktane sitt ansvar i arbeidet med å skape eit positivt elevmiljø

- Sørge for at det vert arrangert Haust- og vårgruppe.
- Arrangere sommaravslutning for heile skulen kvart år i regi av FAU, gjerne med grilling på skuleplassen.

Klassekontakta har ansvar for at prosessen med sparing til eventuelle leirskule i 7.klasse, vert satt i gang.

Forventingar til føresette og pedagogar på felles arrangement (kveldstid)

Føresette har ansvar for eigne barn si åtferd. Dei skal setje seg inn i skulen sine trivselsreglar og sjå til at barna oppfører seg etter desse reglane.

FAU

Alle klassekontaktane er medlemmar i foreldra sitt arbeidsutval (FAU). Leiar og nestleiar i FAU vert vald for eitt år.

Revidert av plangruppa: 24.09.2020

Gjensidige forventningar

Forventningar til dei føresette

Tilsette ved Giske skule forventar at foreldre og føresette:

- Respekterer skulen sine ordensreglar og ser til at barna kjem presis til skulen
- Motiverer barnet sitt til innsats
- Les vekeplan, sjekkar foreldreruta, og tar ansvar for at leksene vert gjort til rett tid
- Sjekkar meldemappa, les informasjon frå skulen og følgjer opp beskjeder
- Snakkar positivt om skulen, lærarane og andre elevar/heimar overfor barna sine
- Møter på foreldremøter og konferansar
- Sørgjer for at barna får nok søvn og har eit godt kosthold
- Leverer skriftlege meldingar når barna er borte frå skulen eller skal ha fri
- Tar kontakt om det er noko
- Er aktive i haust- og vårgruppe og andre sosiale tilstelningar for klassa
- Følgjer med på heimesida til skulen

Foreldra sine forventningar til Giske skule

Foreldre og føresette forventar at:

- Skulen holder foreldremøte i starten av skuleåret med info om læreplan, presentasjon av lærarar og informerer om FAU på klassenivå
- Skulen gir informasjon om årsplanar og vekeplanar
- Ved lærars fråver, skrive på vekeplanen kven som skal være vikar
- Skulen skal informere om det har vært episodar mellom elevar og melder frå om mobbing
- Skulen tar tak i problem som eventuelt oppstår
- Kontaktlærar skal ha basisfaga i klassen og ha god oversikt over kvar eleven står i alle fag
- Kontaktlærar skal gi konkrete tilbakemeldingar til heimen på det faglege nivået til eleven
- Skulen har fagutdanna lærarar
- Undervisninga ved skulen er tilpassa kvar enkelt elev
- Dei som har spesielle behov får den hjelpen dei treng
- Skulen ber om ekstramidlar når det trengs
- Skulen samarbeider med Godøy skule ved overgang frå barneskule til ungdomsskule

Skal revideres i FAU hausten 2020